



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Ungdomsrådet		
Eldrerådet		
Rådet for personar med funksjonsnedsettingar		
Oppvekst- og velferdsutvalet		
Kommunestyret		

Spelemidler 2026 - Rullering av handlingsplandel idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Prioriteringa av spelemidler.

Vedlegg

- 1 Referat Styremøte Vinje idrettsråd 27.10.25

Dokument i saka

Rullering av handlingsplan for 2024 PS 67/2024

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025, Kultur og likestillingsdepartementet

[Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025](#)

Bakgrunn

Kulturdepartementet stillar som vilkår for å kunne søkje om spelemidler at anlegget/tiltaket må vere ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Vinje kommunes handlingsplandel i plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv blir difor rullera årleg i same sak som ein prioriterer spelemiddelsøknadar.

Frist for å melde inn anlegg som ville sende søknad om spelemidler i 2026 var 1. oktober 2025. Innan den tid var det meldt inn totalt 4 ordinære anlegg/tiltak. Det var i år ikkje meldt inn nokre nærmiljøanlegg som ynskte å søkje om spelemidler.

Vurdering

Rullering av handlingsplan

Idrettsrådet i Vinje kommune prioriterer innmelde anlegg/tiltak som vil søkje om spelemidler 27.10.25 Anlegga/tiltaka har samstundes blitt rullera inn i handlingsplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. I tillegg til dei innmelde anlegga/tiltaka har idrettsrådet også gått igjennom handlingsplanen og oppdatera oversikta over anlegg/tiltak som blir jobba med i

kommunen. Dei ulike anlegga/tiltaka som vert liggande i handlingsplanen og prioritera knytt til spelemiddelsøknad, er på kvar sin måte vurdert som viktige både i arbeidet med utanforskap, styrking av aktivitetstilbodet i Vinje kommune, og som særskilte folkehelseiltak.

Anlegget /tiltakets namn	Status spelemiddelsøknad/ del av handlingsplan	Tiltakshavar
Nye ljos ljosløype Rauland, ordinært anlegg	Fornyng av søknad 2026/ del av handlingsplan	IL Dyre Vaa
Nye ljos ljosløype Øyfjell, ordinært anlegg	Fornyng av søknad 2026/ del av handlingsplan	IL Dyre Vaa
Tur/skiløype Uvatn, ordinært anlegg	Ny søknad 2026/ del av handlingsplan	IL Dyre Vaa
Turløype Moshylen, ordinært anlegg – søknad likevel ikkje aktuell grunna geologiske funn og økonomi	Ny søknad 2026/ del av handlingsplan	IL Rein
Skateanlegg Rauland	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Rauland skateklubb
Langrenn/skileikanlegg Groven	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje IL
Ski/turløype Arbuvatn/Vågslivatn	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vågsli grunneigarlag
Ljos Reinparken, ferdigheitsløype sykkel og universell utforma turveg/joggeløype	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune
Rauland innandørs skytebane	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune
Edland kunstgras	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune/ IL Rein
Åmot stadion/kunstgras	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune/ Vinje IL
Rauland kunstgras	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune/ IL Dyre Vaa
Dagsturhytte Rauland	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune
Dagsturhytte Edland/Haukeli området	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune
Dagsturhytte Åmot området	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune
Ljosløype Ormetjønna	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje kommune/ Vinje IL
Fløtarvegen	Ingen søknad i 2026/ del av handlingsplan	Vinje Næringslag

Prioritering ordinære anlegg som ynskjer å søkje om spelemidlar:

1. Nye ljos ljosløype Rauland, IL Dyre Vaa – fornying av søknad frå 2025
2. Nye ljos ljosløype Øyfjell, IL Dyre Vaa- fornying av søknad får 2025
3. Tur/skiløype Uvatn, IL Dyre Vaa – ny søknad i 2026

Som nemnd i bakgrunn, var det meldt inn 4 anlegg/prosjekt som hadde planar om å søkje spelemidlar. Turløype Moshylen har blitt kartlagt av geolog som fann utfordringar knytt til etablering og det er meldt frå om at det ikkje er aktuelt å jobbe vidare med tiltaket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Tiltak og anlegg i handlingsplanen blir vedteke slik den ligg føre.
2. Listene over spelemiddelsøknadar knytt til ordinære anlegg, vert godkjent slik dei er føreslått, med atterhald om at søknadar blir trekt.
3. Vinje kommune forskotterer spelemidlar til søknadar som er godkjente i fylke, om laga ynskjer å søkje om forskotering.